



Ingmar Nordanger
Mykingvegen 260
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2340 - 17/26510

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 209/3 Høyland. Nytt gjerde.

Dokument:

Søknad om tilskot motteke 14.07.2016. Kart og kostnadsoverslag.
Søknaden har ligget sida 2016 på grunn av for lite pengar.

Søknaden:

Eigedommen er i drift. Det vert produsert storfekjøtt på ammeku.

Søknaden gjeld inngjerding av innmarksbeite. Det vert søkt om kr.24375,- i tilskot til å sette opp gjerde og rydde beite. Kostnadane med tiltaket er kr.14000,- til gjerdemateriell og kr.31250,- til arbeidet. Søker har ført opp moms på gjerdemateriell som kostnad, men moms må haldast utanom tilskotsgrunnlaget.

Samla kostnad som kan godkjennast vert då kr.45250,-.

Området som skal gjerdast inn er for ein stor del skogsmark, men mindre område ser ut til å ha vore nytta til beite. Området har likevel karakter av å være utmark og planteskog. Det er søkt om pengar til å rydde 5,5da og dette høver truleg med det som har vore beite før. For å føye desse areala saman med eksisterande beite må det settast opp 350 meter gjerde.

Kostnadar som kan godkjennast er inntil kr.3000,-/da for rydding av beite og kr.50,-/meter for å sette opp gjerde.

Kr.50,- x 350 meter gjerde + 5,5da x kr.3000,-=kr.34000,-.

Tilskotssatsen er 50%. Tilskot til gjennomføring av tiltaket vert kr.17000,-

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 17000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2018.

Klagerett :



Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 9526 06 77501 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak.De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakrar:

Ingmar Nordanger

Mykingvegen 260

5913

EIKANGERVÅG